



NORDFJORDRÅDET

MØTEBOK

SAK	ORGAN	MØTEDATO
NR 008/05	Nordfjordrådet	14.03.2005

Ref: 2005000312 -1 Ark. 026
Sakshandsamar: Bjørn Blindheim

Høyring NOU 2004: 26 Heimfall

Presentasjon:

Olje- og Energidepartementet har ved kongeleg resolusjon 04.04.03 oppnemnt eit heimfallsutval på 12 personar.

"Utvalget har hatt som oppgave å utrede en videreført hjemfallsordning og utforminga av denne. Utvalget skulle også vurdere behovet for endringar i det nåværende hjemfallsregimet og konsekvensene av å oppheve hjemfallsinstituttet."

Høyringsdokumentet vart sendt ut 01.12.04 med høyringsfrist 01.03.05. Nordfjordrådet har skriftleg til Departementet bedt om utsetting av svarfristen til etter møtet 14.03.05.

Lovgrunnlag, reglar, føresegner, plandokument:

- Konesjonsregelverket for erverv av vannfallsrettigheter og regulering av vassdrag

Nordfjordrådet vil gje følgjande uttale :

Heimfallsretten blei innført av Stortinget for hundre år sidan for å sikre eit nasjonalt eigarskap til vasskraftressursane i landet. Offentlege eigarar får etter dagens ordning evigvarande konsesjon. Private får konsesjon for 60 år og deretter med vederlagsfritt heimfall til staten. Dette er hovudgrunnen til at vasskraftsektoren i dag er eigd av staten, kommunane og fylkeskommunane med 90 prosent, og dei resterande 10 prosent av private(industrien). EØS sitt kontrollorgan ESA har reagert på denne ordninga. Regjeringa sette difor ned eit utval til å greie ut vassdragslovgjeving i framtida med spesiell vekt på heimfallsordninga.

Vassdraga våre er ein fornybar, evigvarande og forureiningsfri ressurs. Vasskrafta utgjer så godt som all kraftproduksjon i landet i dag og har grunnleggande betydning for verdiskaping og velferd. For landet vårt er vasskrafta ein viktig infrastruktur, og inga anna næring har bidrege i same grad til industriutvikling, distriktutbygging og utvikling av det norske velferdssamfunnet.

Nordfjordrådet er difor opptekne av korleis desse ressursane blir forvalta i framtida og av at dei store verdiane som ligg i vasskrafta skal kome alle innbyggjarane i landet til gode.

Berre eit tungt offentleg eigarskap som kan sikre verdiane for etterkomarane våre.

Fleirtalet i Heimfallsutvalget går inn for gjennomgripande endringar i heimfallsordninga utan ei klår målsetjing med dei føreslegne endringane og utan ei klår oversikt over verknadane av desse. Etter vårt syn kan desse endringane føre til eit storstila sal av norske vasskraftressursar. Vi meiner det må krevjast grundige konsekvensutgreiingar av dei endringane som er gjorde framlegg om. Deretter kan det takast opp reelle forhandlingar med EU for å finne fram til løysingar som tilgodeser særnorske behov og ivaretek nasjonale interesser som er knytta til vasskrafta og eigarskapen.

Eit mindretal i Heimfallsutvalget med LO, KS og LVK legg stor vekt på framtidig eigarskap og gjer framlegg om ordningar som vil sikre langsiktig norsk eigarskap til vasskrafta. Gjennom offentleg eigarskap vil samfunnsinteressene i vidaste forstand bli best ivaretekne og vi finn difor grunn til å støtte mindretalet sitt syn.

Nordfjorderrådet sitt syn kan oppsummerast slik :

- Nye heimfallsreglar må ha som overordna mål å sikre det offentlege eigarskapet
- Forvaltning og verdiskaping av naturressursar bør skje mest mogeleg lokalt
- Det bør etablerast ordningar som skaper ein fungerande marknad for kraftkonsesjonar utan at heimfallsordninga fell bort
- Den norske stat må avklare kva EØS-avtala har å seie for konsesjons- og heimfallsreglar i framtida
- Grundige konsekvensutgreiingar må leggest fram før saka blir endeleg handsama

Nordfjorderrådet sluttar seg i hovudsak til innstillinga frå mindretalet i Heimfallsutvalet og deira særmerknader. Vi viser også til uttaler frå kommunane i Nordfjord.

Handsaming i Nordfjorderrådet 14.03.2005.

NR-008/05 Vedtak:

Samrøystes

Sign.

Bjørn Blindheim
- sekr.-

Utskrift sendt til:

Olje- og Energidepartementet, postboks 8148, 0030 Oslo